



Michael V. Gullaksen
Heiane 33
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2624 - 14/9099

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
10.06.2014

RETUR AV IKKJE GODTEKE SØKNAD OM LØYVE TIL BYGGJETAK PÅ GBNR. 27/160 I MELAND KOMMUNE

Det vert vist til søknad motteke 2.6.2014 om løyve til oppføring av ein støttemur på gbnr. 27/160 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-2 («tiltak utan ansvarsrett»).

Oppføring av støttemur er i utgangspunktet eit søknadspliktig tiltak, jf. pbl. § 20-1. Følgjande murar er likevel unnateke frå søknadsplikt, jf. Saksbehandlingsforskriften (SAK10) § 4-1 bokstav c, nr. 5 :

- Murar med inntil 1m høgde som vert plassert minst 2m frå nabogrenser.
- Murar med inntil 1,5m høgde som vert plassert minst 4m frå nabogrenser.

Felles vilkår for begge desse alternativa er at muren ikkje hindrar sikta i frisisiktsoner mot veg og at muren er i samsvar med gjeldande arealplanar for området.

Dersom muren er fritatt frå søknadsplikt etter SAK10 § 4-1 kan tiltakshavar sjølv vere ansvarleg for gjennomføringa. I dei tilfelle muren ikkje vert omfatta av nemnde unntaksføresegn må derimot eit ansvarleg føretak førestå prosjektering, søknad og utføring, jf. pbl. § 20-1 andre ledd.

Den omsøkte muren vert på sitt høgaste 2,5m og må difor omsøkjast av eit ansvarleg føretak, jf. pbl. § 20-1.

Før kommunen kan handsame ein søknad om byggjeløyve må søknaden innehalde naudsynte opplysningar og dokumentasjon i samsvar med pbl. § 21-2 første ledd. Kommuneadministrasjonen viser i den samanheng til andre ledd i same lovføresegn:

«Dersom tiltaket ikke kan forestås av tiltakshaver, jf. § 20-1 andre ledd, skal det sammen med søknad om tillatelse, så langt det er nødvendig, søkes om lokal godkjenning for ansvarsrett for ansvarlig søker, ansvarlig prosjekterende, ansvarlig utførende og ansvarlig kontrollerende for prosjektering og utførelse, jf. kapittel 22 og 23. Søknaden skal gi de opplysninger som er nødvendige for at kommunen kan tildele ansvarsrett. Søknad om lokal godkjenning for ansvarsrett skal være undertegnet av foretaket som søker om ansvarsrett.» (Administrasjonen si understreking.)

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Saka vert på denne bakgrunn arkivert i påvente av eventuell innsending av ny og komplett søknad om byggjeløyve frå eit føretak med ansvarsrett, jf. pbl. § 20-1 andre ledd.

Ta gjerne kontakt med kommuneadministrasjonen på tlf. 56 17 10 00 dersom du har spørsmål eller merknadar tilknytt søknadsprosessen.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Michael V. Gullaksen

Heiane 33

5918

FREKHAUG